



Roy Bjarne Stusdal  
Kubbaleitet 32  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2442 - 18/25924

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
24.08.2018

## Løyve til oppføring av bod, tak over terrasse og mur - gbnr 137/725 Alver

### Administrativt vedtak. Saknr: 424/18

**Tiltakshavar:** Anne-Grethe og Roy Bjarne Stusdal  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av bod på 15m<sup>2</sup>, tak over terrasse og mur ved innkjørsel.  
Det vert elles vist til søknad motteken 14.08.2018.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 14.08.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Knarvik – Alversund er definert som bustadføremaal.

### Dispensasjon

Tiltaket er vurdert å vere i samsvar med føresegn 2.4 i kommunedelplanen. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.  
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### Plassering

Plassering av tiltaka er vist i situasjonsplan datert 09.08.2018.



**Tak over terrasse:** På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense mot nord vist til å vere 2,6 meter. Eigar av gnr. 137 bnr. 53 har i dokument datert 12.08.2018 samtykka til at tiltaket kan plasserast 2,6 meter frå nabogrensa.

**Mur:** På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense mot søraust vist til å vere 1 meter. Eigar av gnr. 137 bnr. 542 har i dokument datert 09.08.2018 samtykka til at tiltaket kan plasserast 1 meter frå nabogrensa.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaka skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **VURDERING:**

#### **Plassering**

Tiltaka vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaka har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av bod, tak over terrasse og mur ved innkjørsel på følgjande vilkår:

1. Tiltaka skal plasserast og oppførast som vist i situasjonsplan og teikningar vedlagt søknad, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «18/2442»

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Ferdigstilling**

Tiltaka skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakar:**

Roy Bjarne Stusdal

Kubbaleitet 32

5916

ISDALSTØ